

Pressemelding fra Norsk kulturskoleråd - Møre og Romsdal

To millionar til kulturverkstader for barn og unge

BATNFJORDSØRA: Kultursekken og Norsk kulturskoleråd - Møre og Romsdal skal nytte to millionar kroner til eit utviklingsprosjekt kalla "Kulturlauget - Den kulturaktive eleven".

Prosjektet skal gi fleire elevar i grunnskolen tilbod om verkstader med profesjonelle kunstnarar.

- Kulturskolane i fylket har per i dag ikkje kapasitet til å gi alle barn og unge som ynskjer det eit kulturtilbod gjennom kulturskolane. Gjennom prosjektet "Kulturlauget" kan fleire barn og unge få tilgang til profesjonell kulturell basisundervisning innan ulike sjangrar, seier fagsjef innan kulturformidling i Møre og Romsdal fylkeskommune; Johild Kosberg Bredin.

Neste skuleår

Prosjektet skal gjennomførast neste skuleår, og eitt av måla er å teste ut arbeidsmetodar som kan hjelpe kulturskolane i fylket til å utvikle seg til lokale ressurs- og kompetansesenter for heile kommunen.

Samarbeidsprosjekt

"Kulturlauget - Den kulturaktive eleven" er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturskoleråd - Møre og Romsdal, kulturskolar i fylket, Utdanningsdirektoratet og Kultursekken i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Utdanningsdirektoratet utlyste til saman 40 millionar i utviklingsmidlar til kulturskolane i landet, og prosjektet "Kulturlauget - Den kulturaktive eleven" fekk størst tildeling av dei til saman 402 søknadane som kom inn på landsbasis.

Tekst: Edvin Eriksen (Utlagt: 23. november 2010)